

**Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) kunngjer:
Høyring av endringssøknad om ny 132 kV leidning mellom Leivdal og
Navelsaker**

NVE har motteke ein søknad frå SFE Nett om ein endring av SFE Nett sin søknad om ein 132 kV kraftleidning frå Leivdal transformatorstasjon til Navelsaker.

SFE Nett søker om ein ny trase forbi Frislid og ei mindre endring av tidlegare omsøkte trasé opp mot Drakefjellet.

SFE Nett søker om konsesjon i medhald av energilova. Samstundes søker dei om oreigningsløyve og førehandstiltreding i medhald av oreigningslova.

Søknaden og kart som viser traseen er lagt ut på NVE sine nettsider www.nve.no/kraftledninger. På nettsida finn du òg meir informasjon om korleis du kan uttale deg.

Alle som har meiningar om saka, kan gi uttale innan 9. oktober 2020.

Du kan få nærare opplysningar om sakshandsaminga ved å kontakte NVE v/Sondre Moe Knudsen, tlf. 22 95 93 03.